

## Leiar

# La oss seie vårt

Kommunane i Noreg er meir eller mindre i gong med å førebu kommunesamanslåingar over heile landet. Nokon har tatt det kraftige påtrykket frå regjering og kommunal- og moderniseringsdepartementet på alvor og allereie gjort vedtak om å søkje seg saman. Andre har knapt kome seg ut av tenkjeboksen, noko som truleg passsar regjeringa dårleg, for den har hastverk.

I Midt-Telemark prøvar ein å bli einige om prosjekt som ein kan lage studier av - for å sjå kva for veg som kan vere grei å gå. Sauherad har blitt med i det vidare arbeidet om å tenkje ein kommune Lidfjell rundt, samt forprosjektet Midt-Telemark og Seljord. I Seljord er dei med i fleire ulike forprosjekt, også det som handlar om samarbeid med Midt-Telemark. Nome har i skrivande stund ikkje heilt bestemt seg enno, men formannskapet har sagt ja til å vere med i eit Midt-Telemark og Seljord-prosjekt. Det har også Bø gjort – einstemmig.

Alt dette er det politkarane som har drive med – førebels. Bortsett frå i Sauherad, der dei allereie har hatt ei innbyggjarundersøking. Den viste fleirtal for å slå seg saman i Midt-Telemark. Likevel stemte kommunestyret for Lidfjell rundt like etter. Det var altså sprik mellom politikarar og innbyggjarar i Sauherad.

**“Så langt har det vist seg at dei som dukkar opp på folkemøte er dei over 50. Dei som skal bu i ein samanslått kommune i framtida er ofte fråverande på slike arenaer.”**

Akkurat det kan bli ei utfordring i ein samanslåingsprosess. Sjølv om det er politkarane som skal føre prosessen framover og gjere vedtaka, gjer dei lurt i å lytte til innbyggjarane i kommunane, og ikkje minst informere og involvere dei i det som skjer. Brei involvering blant folk vil truleg skape større eigarskap til prosessen og gjere eventuell samanslåing og nytt samarbeid lettare i framtida.

Kommunane bør også involvere folk vel førebudd og med fleire midlar slik at ein får eit så godt og breitt bilete av situasjonen som mogleg. Innbyggjarundersøkingar må til, og gjerne folkemøte. Men ein bør også famne vidare enn det. Så langt har det vist seg at dei som dukkar opp på folkemøte er dei over 50. Dei som skal bu i ein samanslått kommune i framtida er ofte fråverande på slike arenaer. For å møte desse må meir til, kanskje i andre formar og på andre plattformar. Det håpar me at kommunane tek på alvor når dei skal høyre folkets røyst. For det bør dei – derfor bør ikkje planlegginga vere lettbeint. Me må alle få seie vårt.

# Klar for kam

**I dag startar Norsjø Kammermusikkfest og bestillingsverket til Martin Ødegaard blir framført i Nes kyrkje. Dei unge muskarane spelar fleire plassar før dei kjem til Gullbring laurdag.**

*Marta Kjøllesdal*

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Det er for så vidt ikkje heilt rett at det er i dag det startar. Det er fleire veker alt sidan dei første konsertane vart haldne. Unge muskarar og ungt publikum er viktig for festivalen, og muskarane har hatt konsertar i Gullbring barnehage, barne- og ungdomsskular og høgskulen i Bø.

Dei har også vore heime hos folk og spela heimekonsertar. Sist søndag hadde dei tre slike konsertar og til saman rundt 100 menneske har fått vere med på intimarrangementa.

### Ung blokkfløytespelar

Bestillingsverket har Ødegaard kalla «Verso la Notte». Han blir sjølv med og framfører det. Men det blir også andre ting å høyre i kyrkja. Då spelar festivalens yngste deltakar, nederlandske Lucie Horsc, blokkfløyte. Ho er seksten år, men har som mange av dei andre muskarane vunne internasjonale konkurransar og representert landet sitt på internasjonale konsertar.

### Musikkmøte

Neste konsert er ved Skien videregående skole. Tittelen er «Musikk på vandring». Der blir det blant anna songar av Robert Louise Stevenson med, han er elles mannen bak boka «Skatten på sjørøverøya». Musikken er skriven av Ralph Vaughan Williams.

Songane blir framført av Magnus Dorholt Kjeldal frå Lunde. Han har mastergrad i opera frå Operaen i Oslo. Josephine Hsieh akkompagnerar på klaver.

På denne konserten får ein også høyre Stian Carstensen. Han er jazz- og folkemusikar og spelar ei rekkje instrument. Carstensen har blant anna spela i Farmers Market og han vil spele saman med dei klassisk utdanna muskarane og åleine.

### Lokale talent

Laurdag på dagtid er det klart for lunsjkonsert på Ulefos Hovedgaard. Der får ein møte både Bach og Mozart sin musikk, blant anna spela på blokkfløyte og cembalo.

–Sidan temaet er Smil gjennom tårer blir det ein del gammal musikk, forklarar Øystein Waage.

Saman med Ødegaard og Øyvind Sundsvaen utgjør han den kunstnariske leiinga.

Musikkvalet har også ført til at dei trengde ein cembalo. Den blir å høyre på mange av konsertane og det er Alexandra Nepomnyashchaya som spelar

Avslutningskonserten laurdag kveld er lagt til Gullbring kulturanlegg. Har får ein i tillegg til dei unge festivalmuskarane møte unge lokale talent.

### Mykje øving

– Alle er positive og publikum entusiastiske. Derfor ønskte eg meg tilbake, seier fiolinist Guro Kleven Hagen.

Veka før festivalen tek til har muskarane vore på Norsjø Ungdomssenter og har øvd til klokka har vore ni om kvelden. Men dei har også hatt tid til å ha det moro og slappe av.



 **Bøblad**

27. årgang. Skipa 1986.

Godkjent opplag i 2014: 2622  
Medlem i Landslaget for lokalaviser (LLA)

### Adresse:

Postboks 104, 3833 Bø i Telemark  
Besøksadresse: Bøgata 69  
Tlf. 35 95 19 45  
Faks: 35 95 40 28

Opningstider: Kl 9-15.

www.boblad.no  
pdf versjon: buyandread.com



**Redaktør/dagleg leiar:**  
Hilde Eika Nesje  
947 89 450  
redaksjon@boblad.no



**Journalist:**  
Øystein Akselberg  
906 38 453  
oystein@boblad.no



**Journalist:**  
Marta Kjøllesdal  
976 88 692  
marta@boblad.no



**Journalist:**  
Gro B. Røiland  
930 22 398  
gro@boblad.no



**Salsansvarleg:**  
Rune Digranes Bøen  
950 85 949  
marked@boblad.no



**Grafikar/annonse:**  
Dag Einar Hvitsand  
911 52 320  
grafisk@boblad.no



**Avismedarbeidar:**  
Synnøve Sudbø Kleppe  
35 95 19 45  
annonse@boblad.no

### Frilansarar:

Karen Anne Grindem  
Glenn Isaksen  
Jon Bjones  
Eline Nesje

**Avfotografering eller gjenbruk** av stoff, bilete og annonsar utan avtale er ikkje tillatt. Innsendt stoff blir til vanleg ikkje honorert med mindre anna er avtalt. Bø blad forbehold seg retten til å publisere innsendt stoff også i vår nettutgåve.

### Abonnementsprisar:

Halvår kr 550,- heilår kr 890,-  
Studentab. kr 550,-  
Tillegg utlandet.  
Bestill på sms: 406 24 528  
eller epost: abonnement@boblad.no

### Annonsefrist:

Måndag kl. 14  
**Større annonsar:**  
Fredag kl. 10.00 veka før innrykk.  
Utgjeve av Bø blad AS  
Org nr.: 842 831 032

Bankgiro: 2630 05 04360  
Trykk: Nr1 Trykk AS, Larvik

**PFU** Bø blad arbeider etter «Vær Varsom-plakaten» sine reglar for god presseskikk. Om nokon kjenner seg råka av urettvis presseomtale, oppmodar me om at ein først tek kontakt med redaktøren. Ein kan også ta kontakt med Pressens Faglige Utval, (PFU), som er eit klageorgan oppnemnd av Norsk Presseforbund. PFU handsamar klager mot pressa i presseetiske spørsmål. Adresse: Rådhusgata 17, Postboks 46 - Sentrum, 0101 Oslo. E-post: pfu@presse.no Tlf: 22 40 50 40 - Faks: 22 40 50 55